

## Møte nr. 1-2012

### Kontrollutvalet i Klepp INNKALLES TIL MØTE 01. mars 2012 kl. 16.00 i Formannskapssalen

#### SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 1/12 [Godkjenning av protokoll frå møte 24.11.2011](#)
- 2/12 [Orientering frå administrasjonen vedr. sak frå helsetilsynet](#)
- 3/12 [Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2012](#)
- 4/12 [Kontrollutvalets årsmelding for 2011](#)
- 5/12 [Årsrekneskap 2011 - kontrollutvalets budsjett](#)
- 6/12 [Statusoversikt pr. februar 2012](#)
- 7/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - vidare arbeid. Risikospel](#)

#### EVENTUELT

#### MELDINGAR

- 1/12 Vedtatt budsjett 2012 for kontroll og tilsyn
- 2/12 Særutskrift av møtebok - Selskapskontroll - Nord-Jæren Bompengeselskap AS
- 3/12 Ang. budsjett 2012- brev frå rådmannen

#### Rådmannen er invitert til møtet.

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltf. 98806776 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Klepp, 22/2-2012

Arild Børge Skjæveland  
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen  
Sekretariatet

## REFERAT-/MELDINGSSAKER

**Periode:** 16. juni 2011 - 01. mars 2012

<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsakstittel</b>
1/12	200800109-25	Vedtatt budsjett 2012 for kontroll og tilsyn
2/12	201000080-10	Særutskrift av møtebok - Selskapskontroll - Nord-Jæren Bompengeselskap AS
3/12	200800303-3	Ang. budsjett 2012- brev frå rådmannen

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 1 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.11.2011**

Viser til vedlagde protokoll frå møte i kontrollutvalet den 24. november 2011.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet godkjenner protkollen frå møte i Klepp kontrollutval den 24. november 2011.

SANDNES, 30.01.2012

Wencke S. Olsen  
daglig leder

Vedlegg:  
[Protokoll frå 24.11.2011](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800279  
Arkivkode : E: 047  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 2 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

**ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN VEDR. SAK FRÅ  
HELSETILSYNET**

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet fekk på forrige møte framlagt brev frå Helsetilsynet knytt til ei sak ang. ein bebuar på Kleppeheimen. Kontrollutvalet ba på møtet om at sekretariatet inviterer rådmannen/administrasjonen til neste møte for å orientera om kva for rutinar og praksis man har på dette området, inkl. kva for heimlar man har hatt for dei tiltak som har vore sett i verk.

Kontrollutvalet ba og om ei generell orientering om internkontroll på Kleppeheimen; kva finst av retningslinjer/rutinar/instruksar og korleis vert desse følgt opp bla med omsyn til HMS, pleieplanar, dokumentasjon av henvendingar frå brukar/pårørande og dokumentasjon av beslutningar. Kontrollutvalet ønskjer og ei tilbakemelding på kva ein har gjort for å retta seg etter Helsetilsynets pålegg. I tillegg til orientering i møtet er det og ønskjeleg med ei skriftlig tilbakemelding.

**Saksutredning:**

Sekretariatet har fått tilsendt ei stor mengde dokument frå Klepp kommune som er vedlagt saka. Som nemnt i kontrollutvalets vedtak vil rådmannen samt leiar for Kleppeheimen også delta på møtet, og orientera om saka samt svara på spørsmål.

Forslag til

**VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannens tilbakemelding til orientering.**

SANDNES, 15/2-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:

Dokumentasjon frå Klepp kommune  
(utrykte vedlegg, kan fås hos kontrollutvalgssekretariatet)

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200900009  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 24.11.2011 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 23 /2011 3 /2012
---	---	--

## UTVELGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2012

### Bakgrunn:

Ifølgje Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vert kommunane pålagt å gjennomføra minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt årleg. Kontrollutvalet er og pålagt å laga ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode vart vedtatt av kommunestyret i Klepp den 9. februar 2009. Kontrollutvalet må laga ny plan som skal vera vedtatt seinast 31.12.2012, så eiga sak.

### Saksutredning:

Pga den økonomiske situasjonen valde kontrollutvalet – som eit unntak – å bestilla eit prosjekt som gjekk over to budsjettår ; 2010 og 2011. Det gjaldt rapporten ”prosjektstyring”.

I den vedtatte planen er desse prioriterte prosjekta sett opp for perioden:

### GRUPPE 1 - (PRIORITERTE PROSJEKT)

Prioritet	Prosjekt	Status:
1	<b>Innkjøp</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Kompetanse</li></ul>	Rapport bestilt og behandla
2	<b>Prosjektstyring</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Retningslinjer</li></ul>	Rapport bestilt og behandla
3	<b>Tilpassa opplæring og spesialundervisning</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Forholdet mellom skule og OT/PPT</li></ul>	Ikkje bestilt
4	<b>PPT</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet og kompetanse</li><li>• Regeletterleving</li></ul>	Ikkje bestilt
5	<b>Psykiatri</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Samhandling med andre relevante instansar</li><li>• Rushandtering</li></ul>	Ikkje bestilt

Som det går fram av lista er desse prioriterte prosjekta framleis ikkje gjennomført:

- Tilpassa opplæring og spesialundervisning
- PPT
- Psykiatri

Planen inneheld i tillegg ei oppstilling av uprioriterte forslag, sjå vedlegg.

Det vil vera nærliggjande at kontrollutvalet velgjer ut eit av de gjenverande prioriterte prosjekta. Kontrollutvalet er imidlertid gitt mynde frå kommunestyret til å oppdatera eller endra planen ved behov. Kontrollutvalet kan derfor òg velja å ta prosjekt frå uprioritert liste (vedlegg) eller ta inn eit heilt nytt prosjekt og prioritera for levering i 2012. I den samanheng kan kontrollutvalet vurdere om det er ønskjeleg å sjå nærare på saksområdet knytt til den vedlagde orienteringssaka ang. Helsetilsynets omgjerung av kommunens vedtak ang. omplassering på institusjon.

Saka vert lagt fram utan forslag til prioritert prosjekt.

#### **NY BEHANDLING 1/3-2012:**

Kontrollutvalet diskuterte på førre møte ei referatsak frå Helsetilsynet. Kontrollutvalet vedtok då å utsetje denne saka til dette møtet, slik at ein kan vurdere om kontrollutvalet skal prioritera ei undersøkjing av den saka i staden for dei gjenståande prosjekta i eksisterande plan.

Det vert i den samanheng vist til orientering frå administrasjonen i eigen sak.

Det er opp til kontrollutvalet å beslutte kva for prosjekt som skal prioriterast i 2012, slik at saka også denne gangen vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til

#### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet ber revisor leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt vedrørande "xxxx" til neste møte.**

SANDNES, 03.11.2011



Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:

[Utdrag frå Plan for forvaltningsrevisjon 2009-12](#)

[Tilbake](#)

# Prioriteringar av forvaltningsrevisjonsprosjekt for perioden 2009 - 2012

## GRUPPE 1

Prioritet	Prosjekt
1	<b>Innkjøp</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Kompetanse</li></ul>
2	<b>Prosjektstyring</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Retningslinjer</li></ul>
3	<b>Tilpassa opplæring og spesialundervisning</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Forholdet mellom skule og OT/PPT</li></ul>
4	<b>PPT</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet og kompetanse</li><li>• Regeletterleving</li></ul>
5	<b>Psykiatri</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Samhandling med andre relevante instansar</li><li>• Rushandtering</li></ul>

## GRUPPE 2

Prioritet	Prosjekt
1	<b>Internkontroll</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering, system og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li></ul>
2	<b>Rehabilitering</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Spesielt fokus på tilbod til sårbare og tyngre gruppe (ved uskriving frå sjukehus).</li></ul>
3	<b>Læringsmiljø i grunnskulen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kartlegge fysiske og sosiale forhold som påverkar trivsel og læringsmiljø</li><li>• Brukarundersøking</li></ul>
4	<b>Sjukefråvær</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær</li></ul>
5	<b>Legetenester</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar av administrative oppgåver</li><li>• Samordning mellom lege og sjukehus (epikrise)</li></ul>

*Kontrollutvalets budsjett tilseier at det vert gjennomført eitt til to prosjekt årlig i planperioden.*

Sjå og pkt. 8 om oppdatering/rullering av planen.

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 4 /2011
---	-------------------------------	----------------------------------

## **KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2011**

**Bakgrunn:**

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for 2011 for kontrollutvalet i Klepp. Årsmeldinga skal oppsummera kontrollutvalet sitt arbeid i 2011.

**Saksutgreiing:**

Resultata er og sett opp mot kontrollutvalets vedtekne årsplan for 2011. Dersom kontrollutvalet har endringar til det framlagde utkastet, vil desse bli innarbeidd av sekretariatet før årsmeldinga vert vidare-send kommunestyret til orientering.

Det vert elles vist til forslag til årsmelding, som ligg ved.

Forslag til

**VEDTAK:**

- Kontrollutvalet i Klepp vedtar kontrollutvalets årsmelding for 2011.
- Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Klepp til orientering.

SANDNES, 13.02.2012



Wencke S. Olsen  
sekr.leder

Vedlegg:  
[Årsmelding for 2011](#)

[Tilbake](#)





**2012**

# Kontrollutvalet i Klepp – Årsmelding 2011



wencols

Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS



# KONTROLLUTVALET I KLEPP

## ÅRSMELDING FOR 2011

### 1. KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ<sup>1</sup>, som på vegne av kommunestyret skal føra det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, både administrativt og politisk. Kontrollutvalet har likevel ikkje tilsynsansvar for kommunestyret, men er underlagt dette.

### 2. KONTROLLUTVALETS SAMANSETNING:

Kontrollutvalet I Klepp besto fram til kommunevalet hausten 2011 av:

#### Medlemmer

Hanne-Lill Steen - leiar

Kristian K. Kleppe - nestleiar  
Arild Børge Skjæveland  
Reidar B. Thu  
Sigrid Lærdal

#### Varamedlemmar (personlige):

Gisle Meling

Bjørn Sæstad  
Conni A. Erga  
Reidun Hjelmervik  
Knut Sigmund Lende

Frå siste kommuneval består kontrollutvalet av:

#### Medlemmer:

Arild Børge Skjæveland (SP)- leiar

Ove Horpestad (H) - nestleiar

Siri Øksnevad Olsen (FrP)  
Reidar B. Thu (Ap)  
Sigrid Lærdal (KrF)

#### Varamedlemmer

##### AP/SP/KrF

1. Edith Grude (Ap)
2. Grete Horpestad (Sp)
3. Jan Tore Refve (KrF)

##### Varamedlemmer H/FrP

1. Karl Hans Braut (H)
2. Roy Larsen (FrP)
3. Roger Nese (H)
4. Anita Thu (H)

### 3. ORGANISERING AV KONTROLLARBEIDET I KLEPP KOMMUNE

Kontrollutvalet har sine møte for opne dører. Utvalet har hatt 5 møter i 2011, og det har vore behandla 36 saker. I tillegg kjem orienterings/meldingssaker.

Kontrollutvalet samarbeider med kommunens valde revisor, Deloitte Statsautoriserte Revisorer AS., og med kommunens valde sekretariat, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS. Samarbeidet mellom revisjonsselskapet, sekretariatet og kontrollutvalet har vore godt.

### 4. KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER, MÅL OG RESULTAT

Kontrollutvalet er opptatt av å ha ei arbeidsform som gir best mulig angrepsvinkel for sitt tilsynsansvar.

#### Rekneskapsrevisjon:

Kontrollutvalet har i høve til årsplanen behandla følgjande saker:

<sup>1</sup> Kommunelovens § 77

- Årsrekneskap og årsmelding 2010 for Klepp kommune
- Følgja opp kommunens økonomiske situasjon
  - Økonomistyring og budsjett disiplin i kommunen. Kontrollutvalet har følgd opp dette punktet via orientering frå økonomisjefen i samband med tertialrapportar
  - Oppfølging av eventuelle revisjonsmerknader til årsrekneskapet. Rekneskapet for 2010 vart avgitt utan presiseringar. Kontrollutvalet har fylgt opp merknader som revisor kom med i revisjonsmeldinga for 2010.

## FORVALTNINGSREVISJON

Årleg forvaltningsrevisjon av kommunen er ei lovpålagd oppgåve. Kontrollutvalet har i løpet av året behandla forvaltningsrevisjonsrapporten

- Prosjektstyring.

Rapporten er vidaresendt kommunestyret for sluttbehandling.

Det er ved årets utgang ikkje bestilt prosjekt for levering i 2012, det vil skje på eitt av de første møta etter nyttår.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunestyrets vedtak i fbm forvaltningsrevisjon vert følgd opp av administrasjonen. Kontrollutvalet har i løpet av året behandla oppfølging av tidlegare rapportar vedr. :

- Innkjøp

Administrasjonens tilbakemelding vart tatt til etterretning og vidaresendt kommunestyret til orientering.

## SELSKAPSKONTROLL

Når det gjeld selskapskontrollar er det føresett i årsplanen at det skal veljast ut aktuelle prosjekt blant kommunens selskap i samarbeid med andre eigarkommunar.

I løpet av året har det vore gjennomført og behandla rapport frå selskapskontroll i desse selskapa:

- Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS
- Nord-Jæren Bompengeselskap AS

Det er ved utgangen av året ikkje bestilt selskapskontroll i nye selskap.

Kontrollutvalet har og i løpet av året fulgt opp tidlegare gjennomført selskapskontroll i IVAR IKS.

## Generelle oppgåver:

Kontrollutvalet har i løpet av året invitert følgjande administrative leiarar for å orientera om aktuelle saker:

17.02.11	Rådmann Svein Tore Åtland og kommunalsjef lokal utvikling orienterte om rutinar for vedlegg til politiske saker
14.04.11	Rådmann Svein Tore Åtland og økonomisjef Viggo Johansen orienterte om rekneskap og årsmelding for 2010. Skatteoppkrevjar Ivar Slettebø orienterte om skatterekneskapen for 2010.
16.06.11	Økonomisjef Viggo Johansen orienterte om kommunens internkontroll, sett opp mot rapporten "85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane".
08.09.11	Økonomisjef Viggo Johansen og rådmann Svein Tore Åtland orienterte om kommunens oppfølging av revisors merknader i revisjonsrapporten for 2010 og om oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport vedr. Innkjøp

I kontrollutvalets møter, under punktet eventuelt, er det gitt høve til å reisa aktuelle problemstillingar.

## 5. KONTROLLUTVALET BUDSJETT/REKNESKAP:

Kontrollutvalet har i tråd med forskriftas § 18 utarbeidd forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen. I tillegg har kontrollutvalet behandla tertialvise rekneskapsrapporter for dette budsjettområdet. Kontrollutvalets budsjett inneheld for det meste lovpålagte område som rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og kjøp av sekretariatsteneste.

Kontrollutvalet opptrer på vegne av kommunestyret og er direkte underordna dette. Derfor pålegg forskrifta at kommunestyret skal vera kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet på kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalets budsjettforslag skal derfor iflg. *forskrift om kontrollutvalg* leggjast fram for kommunestyret når formannskapetets innstilling til budsjett vert lagt fram (§ 18).

Kontrollutvalets budsjett har i lengre tid vore underbudsjettet, noko som har blitt retta opp i løpet av året.

## 6. KURS/SEMINAR OG OPPLÆRING

Medlemmer frå kontrollutvalet har i løpet av året deltatt på møte i Forum for kontrollutval i Rogaland på Sandnes i desember 2011.

## 7. Øvrig

Sakene til kontrollutvalet vert lagt ut å kommunen sine heimesider, og er i tillegg tilgjengelige for gjennomsyn på Rådhuset i Klepp.

Kontrollutvalet har utført tilsynet med forvaltninga i Klepp kommune i hht. lov og forskrift. Det er ikkje avdekkta tilhøve som krev spesielle kontrolltiltak, og så langt kontrollutvalet kjenner til er kommunens økonomiforvaltning tilfredsstillande, og det løpande revisjonsarbeidet er utført i høve til lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalets sekretariat skal iflg. forskrift sjå til at saker som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarlig utreda og at utvalets vedtak blir sett i verk. Sekretariatet har bistått kontrollutvalet med dette samt med anna praktisk sekretariatsarbeid, og har derfor vore til stades på alle møter.

Både revisor og ordføraren har møterett i kontrollutvalet. Revisor har vore til stades på dei møta der det har vore framlagt saker direkte frå revisjonen eller har vore andre saker som angår revisor. Ordføraren har og vore til stades på fleire av utvalets møter i 2011.

Kleppe, 01.03.2012

Arild Børge  
Skjæveland  
leiar

Ove  
Horpestad  
nestleiar

Sigrid  
Lærdal  
medlem

Reidar B.  
Thu  
medlem

Siri Øksnevad  
Olsen  
medlem

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800215  
Arkivkode : E: 212  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 5 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

## **ÅRSREKNESKAP 2011 - KONTROLLUTVALETS BUDSJETT**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har iflg. *Forskrift for kontrollutvalg § 18* ansvar for å koma med forslag til budsjett for området kontroll og tilsyn. Dette medfører at utvalet òg får ansvar for oppfølging av budsjett og rekneskap på dette området.

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har bede Klepp kommune om å koma med oversikt over rekneskapen for 2011 innafor området kontroll og tilsyn.

Det har vorte foretatt ei budsjettjustering på teneste 1002 kontrollutval i løpet av året som gjer at rekneskapet denne gongen er gjort opp med eit mindreforuk, då ca. 82 % av budsjettet er forbrukt.

På område 1100 (revisjon) har det i år blitt brukt mindre enn lov og forskrift legg opp til når det gjeld forvaltningsrevisjon, då kontrollutvalet hadde eit prosjekt som gjekk over både 2010 og 2011. Forbruket her er omtrent akkurat på budsjett, med eit mindreforbruk på nokre få kroner.

Samla sett er det derfor ikkje meirforbuk på kontrollutvalets budsjett på nokre område i 2011. Dette rekneskapet går inn i endeleg samla årsrekneskap m/revisjonsmelding for Klepp kommune, som vert lagt fram seinare i vår.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde rekneskapen for budsjettområde for kontroll og tilsyn for 2011 til orientering.**

Sandnes, 06.02.2012



Wencke S. Olsen  
sekr. leder

[Tilbake](#)

### Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt](#)



**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 6 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

## **STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2012**

### **Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt, selskapskontrollar og evt. andre prosjekt/utgreiingar som er bestilt av kontrollutvalet.

Oversikta viser kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden. Lista som ligg ved denne gongen er frå føregåande periode, og vil bli tatt vekk ved neste oversikt.

### **Saksutredning:**

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Kontrollutvalet er og delegert mynde til å fråvika planen i spesielle høve. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

Til dette møtet ligg det føre utsett sak om bestilling av mandat til nytt forvaltnings-revisjonsprosjekt for levering i 2012.

Forslag til

### **VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr november 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 11.11.2011



Wencke S. Olsen  
Skr.leder

Vedlegg:  
[Statusoversikt](#)

[Tilbake](#)



## Kontrollutvalet i Klepp

### Oversikt over status prosjekt og kontrollar – februar/mars 2012

#### *Vedtekne prosjekt under arbeid:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status/forventa ferdigstilt til</i>
<i>Nytt prosjekt til bestilling</i>			
<i>Selskapskontrollar</i>			

#### *Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i>	<i>Status</i>
Prosjektstyring	22.04.2010	14.04.2011	18.04.2011	1. halvår 12	
<i>Selskapskontrollar</i>					
Nord-Jæren Bompengeselskap AS	02.12.10	24.11.2011		2012	
Brannvesenet i Sør- Rogaland IKS	02.12.10	16.06.11	20.06.11	2012	

[Tilbake](#)



Arkivsak : 200800159  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 01.03.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 7 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

## **NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - VIDARE ARBEID. RISIKOSPEL**

### **Bakgrunn:**

Som tidlegare nemnt skal kontrollutvalet innan årets utgang ha utarbeidd og vedtatt ny plan for forvaltningsrevisjon for den komande kommunestyreperioden.

### **Saksutredning:**

Forut for planen skal det utarbeidast ein overordna analyse. Føremålet med denne er å få fram relevant informasjon om kommunen og eigarinteressene til kommunen, slik at det vert muleg for kontrollutvalet å prioritera prosjekt i planen.

I samarbeid med revisor vil det på dette møtet bli føretatt eit risikospel, der kontrollutvalet går gjennom dei forskjellige tenesteområda i kommunen. Spelet tek utgangspunkt i dei ulike verksemdsområda, og kontrollutvalet vert utfordra til å plassere risikobrikker på dei ulike verksemdsområda ut frå ei oppfatning om kor risiko for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre føringar er størst. Desse vurderingane blir ein viktig del av det samla informasjons- grunnlaget i den overordna analysen. **Revisor antyder at dette arbeidet vil ta 2-3 timar, slik at kontrollutvalet må rekna med at møtet vil vara til kl 20.00-21.00 denne gongen.** I forkant av risikospelet vil og revisor forbereda seg ved å gjennomgå KOSTRA tal og sentrale dokument (årsmelding, kommuneplan o.l.) slik at revisor kan orientera KU litt om dei ulike tenesteområda dei skal diskutera, sjå og vedlegg til saka.


Det er viktig å sikra ei brei involvering frå både politikarar og administrasjon for koma med innspel til planen. Revisor har planar om å få innspel frå både administrasjon og politikarar til planen via eit spørjeskjema/ undersøkelse. Kontrollutvalet må sjølv vurdere om det er ønskjeleg med eit eige møte med politikarane/administrasjonen i tillegg til dette.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp ber revisor om å samanfatta dei innspel som har kome inn til neste møte.**

SANDNES, 21/2-2012

  
Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake](#)